

BIBLIOTEK I SKULE OG

BARNEHAGE er temaet for denne utgåva av Nynorskopplæring.

TENNFIJORD BARNEHAGE har laga bibliotek og skipar til bokbad i barnehagen. **S. 4**

OS SKULE har integrert bruken av biblioteket i den daglege undervisninga. **S. 10**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 16 | HAUSTEN 2012 | EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



F a k t a A - H B i l e t -



b o k S - Z U n g d o m H - X



D i k t R - T S p e n n i n g K - Q

Målblind

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret FOTO: **Rib & Morits**

EG HAR EIN kamerat som er målblind. I alle fall nesten. Han bur like utanfor Oslo og likar å lese bøker. Han er med i ei litteraturgruppe som møtest av og til for å diskutere bøker. Ingen av dei fem godt vaksne karane i gruppa skriv nynorsk til vanleg, og ingen av dei er norsklærarar.

Opp gjennom åra har mange slags bøker av ymse forfattarar stått på programmet i litteraturgruppa. Dei fleste titlane har vore på bokmål, men innimellom les dei også romanar på nynorsk.

Dermed er eg ved poenget, fritt sitert etter kameraten min: «Dersom boka er god, tenkjer eg ikkje over om ho er skriven på bokmål eller

nynorsk. Det viktige for leseopplevinga er godt språk og god formidlingsevne, ikkje målforma.»

Slik skal det vere. Å vere målblind er bra, ikkje berre for vaksne lesehestar på Austlandet, men for bokmålsfolk i alle aldrar overalt. For sjølv om ein mange stader i Noreg ser lite nynorsk skrift i omgivnadane rundt seg, er dei aller fleste nordmenn reelt sett tospråklege – minst. I alle fall om ein ser på lesekunne og forståing av talt nynorsk.

Det er ein myte at nynorsk er vanskeleg. Der- som ein rett etter ei Dagsnytt-sending spør ein gjennomsnittsllyttar om kva målform program- leiaren brukte, vil dei aller fleste ha store pro-



blem med å svare. TV2-vermeldar Eli Kari får sikkert ei og anna tilbakemelding frå sjåarane, men neppe krav om at ho skal legge om målet fordi ho er vanskeleg å forstå.

Vi arbeider for at kvalitetslitteratur på nynorsk skal nå ut til flest mogleg born og unge, også i område der bokmålet dominerer. Dei vil då oppleve at denne litteraturen slett ikkje er vanskeleg tilgjengeleg, men at han tvert om kan gi nye og store leseopplevingar. Biblioteket er ein naturleg stad å starte denne ferda, og i denne utgåva av Nynorskopplæring har vi samla nokre døme på korleis dette kan gjerast.

NYNORSKOPPLÆRING NR. 16, SJETTE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Arild Torvund Olsen
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SPRÅKVASK: Aud Søyland
SKRIFTER: Auto og Dolly
PRENTEVERK: EgsetViketrykk AS
FRAMSIDE: Inger Lise Belsvik

ISSN: 1890-3975
ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressurs-senter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan skape språkkompetanse og motivasjon.

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda
www.nynorsksenteret.no



På nettstaden til Nynorsksenteret kan de no finna ein nyskriven song om vekedagane.

Ny vekedag-song

TEKST: **Arild Torvund Olsen** TEIKNING: **Martine Grande**

www.nynorsksenteret.no/dagane

«Torsdag smyg seg som ein katt
Listar seg på mjuke føter
Går helst ut når det er natt»

Skal barneskulen eller barnehagen din arbeida med temaet «vekedagane»? Hilde Myklebust har

på oppdrag frå Nynorsksenteret skrive eit flott vekedag-dikt, med eitt vers for kvar dag. Diktet er tonesett av Heidi Marie Vestrheim, og animatøren Martine Grande har laga ein illustrasjon til kvar av vekedagane. Både tekst, musikk og illustrasjonar kan lastast ned frå vevsidene våre.



Innhald

Målblind av Torgeir Dimmen	S. 2
Ny vekedag-song av Arild Torvund Olsen	S. 3
Bibliotek og bokbad av Liv Kristin Bjørlykke Øvereng	S. 4
Skal overraske og inspirere av Janne Karin Støylen	S. 6
Når du møter ein kalv i døra av Marit Kaldhol	S. 8
Opn bøkene og bruk dei! av Marit Wadsten	S. 10
Skulebibliotekutvikling av Siri Ingvaldsen	S. 12
Boktips: Amanda sin medisin av Irene Garnes Hareide	S. 14
Boktips: Bjartmann av Arild Torvund Olsen	S. 14
Platetips: Elementa av Arild Torvund Olsen	S. 14
Vevsidetips: Lettleshefte av Arild Torvund Olsen	S. 14
Vevsidetips: Nynorsk bok.no av Arild Torvund Olsen	S. 14

I Tennfjord barnehage har dei teke i bruk bokbad og utvikla bibliotek i barnehagen.
Møte med bøker gjev barna tidlege leseopplevingar og leseerfaringar.

Bibliotek og bokbad

TEKST: **Liv Kristin Bjørlykke Øvereng** FOTO: **Tennfjord barnehage**



TENNFIJORD BARNEHAGE ØNSKTE å leggje vekt på litteratur i språksatsinga i barnehagen. Dei ønskte å gjere bøker lettare tilgjengelege for både vaksne og barn. For å få dette til tok dei kontakt med Haram folkebibliotek med ønske om eit samarbeid. Her fekk dei positiv respons, og alle-reie etter kort tid kom dei første bokkassene til barnehagen. I barnehagen systematiserte og rydda dei i bøkene sine og laga til eit bibliotek med utlån til heimane. No har dei fått utvida boksamlinga si og får jamleg bokkasser med ny og spanande litteratur frå folkebiblioteket. Bibliotekaren er svært hjelpsam med å finne gode bøker på både nynorsk og bokmål.

Tennfjord barnehage har laga eit enkelt utlånsystem, slik at barn og foreldre kan låne med bøker heim. Biblioteket har same opningstid som barnehagen, og om barna vil låne ei bok med heim, skriv foreldra henne inn i utlånspermen. Foreldra kan òg bruke biblioteket når dei skal levere og hente bøker.

Dei tilsette i barnehagen såg tidleg at det var viktig at avstanden til bøkene ikkje var for stor.

– Biblioteket ligg litt langt frå garderoben, noko som gjer at foreldra ikkje tek seg tid til å gå dit i hentetida. Difor har vi no kjøpt ei stor bokkasse på hjul som vi køyrer ut i fellesarealet ved garderobane kvar fredag. Vi ser tydeleg at dette har auka utlånet av bøker, seier prosjekt-leiar Janikke Nogva.

Dei tilsette i barnehagen ser at vektlegging av litteraturen og utlån av bøker har gjort at både barn og vaksne har vorte meir interesserte i bøker og lesing, og at dette har hatt positiv innverknad på arbeidet i barnehagen.

– Vi trong eit betre system på barnebøkene og bruken av dei. Før hadde vi bøker på alle basane, og fann gjerne bøker liggjande i alle rom. Dette resulterte i lite bevisst bruk av bøker, vi tok gjerne den boka som låg der. No er bøkene

Tennfjord barnehage har laga eit enkelt utlånsystem, slik at barn og foreldre kan låne med bøker heim. Om barna vil låne ei bok med heim, skriv foreldra henne inn i utlånspermen.



samla og systematiserte, og det er lettare å finne bøker som passar til temaet og situasjonen, seier Nogva.

Bokbad

Som eit vidare ledd i språksatsinga har Tennfjord barnehage innført bokbad for at dei skal verte kjende med ny litteratur og for å gje barna nye leseopplevingar. Bokbad startar med ei felles samling for barn og vaksne, der ein av dei tilsette presenterer ei ny bok. Dei tek gjerne i bruk dramatisering eller rekvisittar for å gjere presentasjonen levande. Etter fellessamlinga vert barna delte inn i grupper etter alder. Kvar gruppe held fram med å lese og samtale om ei eller fleire bøker.

– Vi arrangerer bokbad to gongar i halvåret, og vi ser at leselyst og utlån av bøker aukar når vi har bokbad, seier Nogva. Bokbad er ein måte å få kjennskap til nye bøker på for både barna og personalet i barnehagen. Dette gjer at både barn og vaksne engasjerer seg og vert kjende med ulik litteratur.

– Etter at vi starta med bokbad, har dei tilsette i barnehagen fått eit meir medvite forhold til kva for bøker dei nyttar i ulike situasjonar. Denne satsinga har gjort at dei er meir medvitne på innhaldet i dei daglege lesestundene. Vi ser at det er lettare å plukke fram og bruke dei bøkene vi har fått litt kjennskap til, og barna har fått eit naturleg forhold til bøker på både nynorsk og bokmål, seier Nogva.

Folkebibliotekar Elisabeth Kjerstad er hektisk og opprømt i stemma.

– Vi opnar nytt bibliotek no, fortel ho glad. – Ja, ikkje nytt akkurat, vi skal vere i dei same lokala, men her er alt heilt forandra!

Skal overraske og inspirere

TEKST: **Janne Karin Støylen** FOTO: **Sindre Mørkedal**, Sulaposten

VI HØYRER STADIG om Sula bibliotek. Årets bibliotek i Møre og Romsdal. Fleire gonger.

– Eg trur det handlar mest om god særvis til brukarane, seier Elisabeth Kjerstad. – Om å vere positive, rett og slett. Vi er ein presskommune med stor folketalsauke. Særleg unge foreldre er ei aukande brukargruppe hjå oss. Men du! No kom eg på noko, noko som eg trur har vore ekstra viktig for at vi har blitt eit bibliotek som blir mykje brukt: Samarbeidet med pedagogisk leiar i kommunen har vore veldig godt.

– Vi har ikkje fått så mykje ekstra midlar, eitt år var det nokre kroner ekstra til eit barnehageprosjekt. Men haldninga har vore at biblioteket er viktig. Ansvarlege for skulebiblioteka i kommunen har kome saman i ei nettverksgruppe der vi på folkebiblioteket og den pedagogiske leiaren i kommunen har vore med. Så reiser vi rundt og besøker kvarandre, deler idear og lærer av kvarandre. Vi har eit veldig godt samarbeid med skulebiblioteka og mykje kontakt.

– Diverre er det likevel ganske tilfeldig kor mykje midlar rektorane prioriterer til innkjøp av nye bøker til biblioteka. Det er eit paradoks at det blir skrive så mykje ny, god litteratur som ikkje når fram til lesarane av slike årsaker, seier Kjerstad.

– Eg har absolutt inntrykk av at folk i kommunen er bevisste på at vi er ein nynorsk-



kommune, og at borna skal lære å skrive nynorsk på skulen, fortel ho vidare.

– Særleg er dei unge foreldra opptatt av å låne litteratur på nynorsk til borna sine i den fasen då borna skal lære å skrive sjølve. Den nynorske barnelitteraturen er god og mangfaldig, men det er for få lettlesbøker, held Kjerstad fram. – Og for få lydbøker!

No er det fest og opning av nytt bibliotek i Sula. Det skal bli ein møteplass med eige amfi for

formidling til borna. Det har rett nok tatt mykje plass, så no lurar den blide bibliotekaren litt på kor ho skal sette bøkene.

– Vi skal nok finne ei løysing, ler ho.

– Slik vi fann løysingar for å bygge det nye biblioteket. Det starta med femti tusen kroner frå fylkeskommunen. Og enda med flunkande nye lokale. Slikt er overraskande og inspirerande, og det er akkurat slik vi vil vere, smiler Elisabeth Kjerstad.



www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/123nynorsk.html

– EIT NYNORSKKURS I TEIKNESERIEFORM

Teksten er ein møtestad. Teksten er eit rom du går inn i. Du står eit augeblikk i døropninga, ser, undrast: Kva finst her? Lyttar: Kven sine lydar høyrest? Er her varmt eller kaldt? Fredeleg eller utrygt?

Når du møter ein kalv i døra

TEKST: **Marit Raldhol** ILLUSTRASJON: **Justyna Nyka** (frå boka *Stripekalven*)



BLIKK OG ØYRE leitar etter referansepunkt, noko å kjenne seg igjen i, hjelp til å forstå omgivingnadene. Kor er eg komen? Kven møter eg her? Kva skjer?

Når du stig inn i den siste bildeboka mi, *Stripekalven* (2008), møter du ein kalv som er heilt aleine. Han roper på mor si. Ingen svarar. Ikkje ein lyd. Himmelen er kvit over han. Vil du gå vidare?

Lesinga blir driven framover av dynamikken mellom ulike aspekt ved teksten. Dei poetiske aspekta, her og no, viser fram fargar, lydar – eller stille – former, linjer, temperatur, lys, mørke, osv. Du observerer desse og tolkar inntrykka i lys av eigne sanseerfaringar. At det er stilt her – korleis forstår du det? At mora til kalven er fråverande – kjenner du deg igjen i det?

Teksten utfordrar og aktiverer reservoaret ditt av sanseminne, førestillingar, draumar, fantasiar og verkelege hendingar. Opplevinga blir til.

Kalven i boka går inn i skogen, inn i mørket. Kva skjer vidare? Korleis går det med kalven? Kva eller kven dukkar opp på neste side? Forventningane finst. Narrativet er i gang.

TEKSTEN ER EIT UNIVERS. No finst det i kraft av seg sjølv. Dynamikken mellom poesi og narrativ konstituerer opplevinga, men universet er avhengig av at du tar i bruk sansar og førestillingar, tankar og minne, kort sagt all tilgjengeleg referansebakgrunn. Tekstuniverset finst ved hjelp av din aktive persepsjon, di tolking og medleving. Medlevinga, evna til å gå inn i situasjonen og kjenne korleis det er å vere der, utfordrar deg til å skape nye bilde og førestillingar. Kva oppstår då? Risikerer du å bli kjent med nye sider av deg sjølv? Eg vonar det. Eg vonar at du kan oppleve lyset i draumen til kalven, og at det gir deg ei utvida oppleving av einsemda og lengten som

Teksten utfordrar og aktiverer reservoaret ditt av sanseminne, førestillingar, draumar, fantasiar og verkelege hendingar. Opplevinga blir til.



finst der. Eg vonar du gir rom for spørsmål som dukkar opp i deg. At du vågar å forstå med sansane og kjenslene dine. Anten du er ein barnelesar eller ein vaksen lesar, er det desse grensene eg ønskjer å føre deg fram til. Utvidinga av den du er.

Les du saman med nokon? Då kan det hende dokker deler opplevinga, hjelper kvarandre til å finne fram. Held fastare tak i kvarandre. Lesinga ein møtestad.

SPRÅKET ER TEKSTEN SIN BUNAD. Språket er det ytre, synlege som skaper og definerer verda du møter. Språket er reiskap for tanken, men òg dørå inn til bildeskapande og sansande sjikt i medvitet. Ord og syntaks du kjenner deg att i, er dei som ligg nærast deg, og som du sjølv vil uttrykke deg gjennom. Distansen til ditt eige tale-

mål skaper distanse til opplevinga. Dei næraste orda kan gå over intimgrensene dine, røre ved det nakne medvitet ditt. Vagar du det? Ein kjent popartist frå mitt distrikt fortel at han syng på engelsk fordi det å bruke sitt eige språk kjennest «for nært, for farleg, for utleverande». Når ord og formuleringar er fjernt frå våre «eigne» kvardagslege, blir språket ei maske å skjule seg bak. Å møte kjente ord kan gi tryggleik for nokre, men vere utfordrande i sin nærleik for andre.

Stripekalven i boka finn mor si, men må erkjenne: «Mor såg meg ikkje.» Likevel vonar eg at du, når du har lese den siste setninga med dei ord og former som er valde, vil opne opp for eit vidt spekter av kjensler: «Kalven søv godt, sjølv om han kjenner ei lita stripe i kvart auge.»

Så stig du ut av boka. Du veit du har vore ein stad. Du har opplevd sakn, redsle, vonbrot, trøyst. No er du klar for å orientere deg i den «verkelege» verda igjen.

– Eit av dei beste skulebiblioteka eg har sett, seier Erna Osland om skulebiblioteket ved Os skule utanfor Bergen. Skulebibliotekar Annbjørg Dalland har i mange år drive eit systematisk arbeid med å bygge opp biblioteket og presentere bøkene, og få med lærarane og elevane i arbeidet. Slik har ho greidd å integrere bruken av biblioteket i den daglege undervisninga ved skulen.

Opn bøkene og bruk dei!

TEKST: **Marit Wadsten** FOTO: **Os skule**



NÅR EIN KJEM inn i skulebiblioteket ved Os skule, slår det ein med det same: Her er det oppfordra til at bøkene skal vere i aktiv bruk. Freistande står dei vende mot ein med framsida ut, eller dei ligg opna, oppslått og innbyd til lesing. Tekst er kopiert og framheva, og er hengd opp rundt omkring i rommet.

Skulebibliotekaren ved Os skule har utvikla ein modell, eit «glansbilete» for skulebibliotek som arena for danning og utdanning, og viser korleis ein slik læringsarena bør fungere som ein del av skulen si verksemd.

– Skjemaet viser korleis det skal vere på alle nivå når det fungerer optimalt, og dette jobbar vi for å nå i praksis, seier Annbjørg.

Samarbeid

Annbjørg samarbeider tett med lærarane, og ho seier til dei at ho vil at dei skal spørje meir etter bøker på skulebiblioteket, bøker som dei kan knyte til tema i naturfag, samfunnsfag, historie, geografi ... Ho gjer lærarane merksame på at dette gjeld når elevane skal skrive òg, ikkje berre når dei skal lese. Ho vil at fleire lærarar skal be om råd og vise opplegg dei har tenkt å gjennomføre, og ho spør om å få vite korleis det har gått. Inni mellom lagar ho også nye opplegg som lærarane gjennomfører etter instruksjon frå henne. Stundom er ho inne i klassane i starten av undervisninga for å motivere og forklare tankegangen i opplegget. Dei opplegga som er gjennomførte, er samla i ein eigen perm, og ein del av opplegga ligg i tillegg på læringsplattforma.

Elevmedverknad

Ved Os skule vart det lyst ut ei stilling som «assistentkoordinator» i haust. Seks elevar frå 7. trinn ville gjerne ha jobben, så dei får dele på han i år. Halvparten av elevane på 7. trinn har også meldt seg til teneste som bibliotek-assistentar.

– Ei bok har alltid noko å by på, ord og omgrep som kan lærast, og noko som kan sette tankane i sving.

– Det som eg set særleg stor pris på hos oss, er det engasjementet som elevane viser for skulebiblioteket, og kor godt nøgde dei er med det, seier Annbjørg. Resultatet av elevundersøkinga viser også dette. Aktive lesarar blir framheva, og på avslutninga for 7. trinn fekk to gutar og to jenter heider og ære og ein boksjeck for å ha lese jamt og trutt gjennom skuleåra sine. Os skule har mange elevar som les mykje på alle trinn, og lærarane er flinke til å følgje opp lesinga i klassen. Alle trinn har også ein bibliotektime kvar veke.

Bibliotektimen

Ein av norsktimane på alle trinn er timeplanfesta til biblioteket kvar veke, og denne timen blir kalla bibliotektimen. Denne ordninga har Os skule hatt i mange år. To skulebibliotekarar med utdanning har i fleire år hatt desse timane. No har Annbjørg som skulebibliotekar tre trinn, og resten av timane har lærarar som er på trinnet. Det er også tilsett ein skulebibliotekar til no i haust. To lærarar deler på skulebibliotekarjobben med to timar kvar til dette. Annbjørg samarbeider tett med dei andre biblioteklærarane. Dei har to faste møtepunkt i halvåret og tett dialog elles. Os skule er dessutan ressurskskule for Program for skulebibliotekutvikling dette skuleåret.

Bibliotektimen er todelt. Bibliotekaren held først ein presentasjon for klassen som er inne. Den andre delen går ut på å låne og levere bøker, og lese i minst 15 minutt! I den første delen presenterer Annbjørg bøker omkring eit tema, til dømes om mobbing, vennskap, indianarar, vikingtid eller anna.

– Ei bok har alltid noko å by på, ord og omgrep som kan lærast, og noko som kan sette tankane i sving. Dette må vi vere flinke til å nytte, seier ho. Ho kjem også med innspel til skriftleg arbeid, logg og kreativ skriving, men då får elevane mindre tid til å lese. Bibliotektimen kan òg handle om det å bruke avis og/eller digitale læringsressursar, om til dømes bøker, filmar og forfattarar. Her kan dei følgje ei sak over lengre tid, studere språkbruk eller reklame.

– Vi er opptekne av språkleg mangfald, seier Annbjørg, og ordlister med ordforklaringar kan innehalde både nynorsk, bokmål, engelsk og osmål/talemål.

Nynorske ressursar

– Når det gjeld nynorsk litteratur, kjøper vi alt som er bra, dvs. som vi veit elevane vil like å lese, og gjerne fleire eksemplar av kvar bok, seier ho.

– Vi har utstilling der vi vel ut nynorsk litteratur minst ein gong i året, og vi legg heile tida vekt på å formidle det som finst av litteratur på nynorsk. Vi lagar piler på bøker for å framheve dei. Vi tek også utgangspunkt i forfattarskapar på nynorsk og stiller ut bøker, omtalar, bilde og fakta om forfattaren. Elles vil vi at elevane skal velje bok uavhengig av målform, velje nynorsk litteratur fordi han er bra og passar til det lese-nivået eleven er på, og til leseinteressa hans/hennar.

– Men det finst altfor lite litteratur på nynorsk. Synd at så få lettles-seriar kjem på nynorsk. Det same gjeld fagbøker – kvifor er det så få fagbøker for born og unge på nynorsk? spør Annbjørg.

Program for skulebibliotekutvikling er ei fireårig, nasjonal satsing for å styrkje skulebiblioteket som pedagogisk verktøy (2009–2013).

Skulebibliotekutvikling

TEKST: **Siri Ingvaldsen**, fagleg leiar for Program for skulebibliotekutvikling



UNIVERSITETET I AGDER (UiA) gjennomfører Program for skulebibliotekutvikling på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, og målet er at skulebiblioteka skal takast aktivt i bruk i leseopplæring og utvikling av informasjonskompetanse i skulen. Programmet har fleire målområde: kompetanseheving gjennom studietilbod og kurs, oppbygging av nettstaden www.skulebibliotek.uia.no og utvikling av ei digital idésamling og læringsressurs om informasjonskompetanse for lærarar, skulebibliotekarar og elevar.

UiAs mangeårige satsing på skulebibliotekutdanning er bakgrunnen for at Program for skulebibliotekutvikling vart lagt hit. Universitetet har gjennom tre tiår utdanna skulebibliotekarar i grunnskulen og vidaregåande opplæring. Studentane er særleg lærarar som tek skulebibliotekfag som vidareutdanning. I 2011 vart studietilbodet utvida til eit bachelorprogram i skulebibliotekkunnskap, der innføring i bibliotekfag, barne- og ungdomslitteratur, informasjonskompetanse og leseutvikling er sentrale emne.

Den største og viktigaste aktiviteten i Program for skulebibliotekutvikling finn vi i prosjektskular omkring i landet. Skulane får i første omgang midlar for eitt år, men har hatt høve til å søkje for eitt år til. Skulane som har fått tildelt midlar for to år, vidareutviklar prosjekta sine og vert ressurskular i programmet.

Den siste tildelinga av prosjektmidlar vart gjort i mai i år, og det er no 173 skular som har fått støtte til bibliotekutvikling frå programmet. Av desse har 38 skular toårige prosjekt. I alt 105 kommunar og alle fylke er representerte. Informasjon om bibliotekprosjekta ligg på nettstaden til programmet: www.skulebibliotek.uia.no

Det er grunnskulane som kan søkje om prosjektstøtte. Det er eit krav at rektor er prosjektleiars, og at heile prosjektgruppa – rektor, skule-

Leseambassadørane gjekk inn i prosjektgruppa saman med rektor, skulebibliotekar og dei involverte lærarane, og gruppa hadde lunsjmøte éin gong i veka.

bibliotekar og dei involverte lærarane – deltek på etterutdanningskurs i regi av programmet. På denne måten sikrar programmet at satsinga på skulebibliotek vert godt forankra i skulane, og at utviklingsarbeidet vert ført vidare når prosjektperioden er avslutta.

Leseambassadørar

Ein av ressurskulan i Program for skulebibliotekutvikling er *Åsheim ungdomsskole* i Trondheim. Åsheimsskuleprosjekt 2011–2012 hadde som mål å knyte ei mindre gruppe elevar nærare til skulebiblioteket, for i neste omgang å få alle skulens elevar og lærarar til å bruke biblioteket meir aktivt. Seks elevoppgåver som *leseambassadørar* vart utlyste ved skulestart, og to elevar på kvart klassesteg fekk tre timar i skulebiblioteket inn på vekeplanane sine. Leseambassadørane hadde ansvar for å marknadsføre litteratur, lesing og skulebiblioteket overfor elevar og lærarar, og dei fekk sjølve vere med og definere dei konkrete oppgåvene sine i prosjektet.

Dei to jentene som var leseambassadørar på 8. steg, ynskte å lage plakatar og utstillingar ved arrangement på skulen. Jentene på 9. steg

starta bokblogg: www.lesekongen.blogg.no. Dei la ut bokmeldingar på bloggen og prøvde å få medelevane til å vere med og diskutere bøkene. Leseambassadørane på 10. klassesteg var to gutar. Dei meinte at å formidle teikneseriar ville få gutane til å lese meir, og reklamerte for seriane via dei interaktive tavlene på skulen, gjennom utstillingar i skulebiblioteket og på bokdagane som vart skipa til som del av prosjektet. Det var elevane på 8. steg som fekk søkje om å delta på dei to bokdagane, éin for gutar og éin for jenter. Interesse var stor. Alle elevane fekk i tillegg bokprat og orientering om biblioteket.

Leseambassadørane gjekk inn i prosjektgruppa saman med rektor, skulebibliotekar og dei involverte lærarane, og gruppa hadde lunsjmøte éin gong i veka. Ambassadørane vart òg bedne om å fortelje om arbeidet sitt både i ulike møte på skulen og i andre forum. Dei presenterte mellom anna prosjektet på erfaringskonferansen om ressurskuleprosjekta i juni 2012 på Universitetet i Agder. Gjennom engasjementet sitt for tekstformidling og synleggjering av biblioteket kom dei til å spele ei viktig rolle i skulens erfaringsspreiing om prosjektet.

Aktuelle ressursar

På vevsida www.skulebibliotek.uia.no kan du lese meir om prosjektskulane til Program for skulebibliotekutvikling.

Boktips



Atle Hansen
Amanda sin medisin

Teikningar:
Inger Lise Belsvik

Cappelen Damm
2012

AMANDA SIN MEDISIN av Atle Hansen er ei bok i Leseløve-serien til Cappelen Damm. Bøkene i denne serien har korte linjer og stor skrift, og er lette å lese. Dei passar godt for barn frå sju år. Boka kan passe godt for dei som vil lese på eiga hand, men ho har handling, driv og språklege kvalitetar som gjer henne velegna for høgtlesing òg.

Boka har eit tema som barn kan kjenne seg igjen i. Ho handlar om det å ikkje få leike med dei ein helst vil leike med – og ho handlar om det å ha ein venn som berre finst i fantasien. Temaet vennskap er viktig for barn, og det er avgjerande at forfattar og illustratør ikkje tek for lett på det og tullar det bort, eller at dei skriv så realistisk og problematiserande at det blir humørlaust. Hansen og Belsvik klarer denne balansegangen. Språket er rytmisk og rikt på dialog, og illustrasjonane er eit rikt visuelt univers, der personane trer tydeleg fram.

Boka gir barna innsikt gjennom innleving heller enn ved å moralisere. Dessutan opnar ho for at ein ikkje skal finne seg i alt.

Platetips



Batteri
Elementa
2012

MEDAN NYNORSK VISESONG er relativt vanleg, er progressiv og storslegen pop/rock meir upløgdd mark for nynorsken. Batteri frå Surnadal har funne fram plogen og spelar musikk som fører tankane mot artistar som Muse.

Tekstane inneheld snedige formuleringar som «Av jord er du komen / til jord skal du bli / så ikkje gidd å vere jordnær all di tid» og «Kvifor spele høg når ein kan spele kort?».

www.facebook.com/pages/Batteri/294565895512

Vevsidetips

Nynorsk bok.no



Nynorsksenteret
Nynorsk bok.no

NYNORSKBOK.NO er ei vevside for dei som er på jakt etter gode, nyare nynorske bøker for born og unge. Det finst mange gode barne- og ungdomsbøker på nynorsk, men det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert på den nye litteraturen som kjem. På Nynorsk bok.no finn du boktips, omtalar av bøker og informasjon om kva aldersgruppe bøkene kan passe til.

Vevsidetips



Lesesenteret
Nettleshefte

LESESENTERET har laga eit oversyn over tilgjengelege nettleshefte frå norske forlag. Lista gjev eit oversyn over kva hefte som finst på nynorsk. Hefta er grupperte etter vanskegrad.

lesesenteret.uis.no/leseopplaering/nettleshefter/

Boktips



Øystein Runde
Bjartmann

Jippi forlag
2012

BJARTMANN er ein superhelt av det slaget som har meir entusiasme enn vit. Øystein Runde har i mange år laga teikneseriar med den uvyrdne superhelten i hovudrolla, og no finst dei endeleg samla i bokform.

Heile utgjevinga bognar av rare innfall, intertekstuell leik og sprudlande humor. Bjartmann må handtera både anorektiske motorsykelgjengar, genmanipulerte amøbar, e-postsvindlarar, t-trøyeseljarar og gigantiske tøffeldyr.

OLSEN.NYNORSKSENTERET
SPANANDE
BOKA
MOTIVER
INGEL IN
MATHISEN
LIKNAVDE
TRANSLATED
BEINTOFF
WWW.YOUTUBE.COM
NYNORSK
RAMMSTEINBY
EI 1-2-3
KONFERANSEN
WINGE
RAMMSUND
OSLO
O BENZIN
PERFORMANCE
LAGA
MÅNDAG
INKLUDERT
BENSIN
TOLKINGA
MARS
SAMLA
WWW.NYNORSKSENTERET.NO

Få nyhende og oppdateringar
frå Nynorsksenteret på **facebook**:
www.facebook.com/nynorsksenteret

REPLACED
DETektivHELTINNA
ORD
MUSIKKVIDEOAR
INNAN TEIKNESERIEFORM
NORSKFAGET TEIKNESERIESIDER
UNGDOMSBOK FRITTSTÅANDE KVINNELEG
ARBEIDA WWW.NYNORSKBOK.NO
LIVE
ELEVTEKSTEN
NYNORSKKURS
RØSSLAND
FÅTT
RO
F
MULTIMODALITET
NERVEPIRRANDE
KRISTOFFER
SUBSTANTIV

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



NYNORSKOPPLÆRING kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.